

Årsmelding for Fjærland bygdautval 2026

Bygdautvalet har vore samansett av Eivind Ødegård (leiar), Inna Jorddal (nestleiar), Hilde Mauritzen, Grete Mundal, Ivar Erlend Waatevik og Inge Rauboti (vara).

Bygdautvalet har hatt seks styremøte, eitt fellesmøte med Arnold-stiftinga, og vore representert i tre møte med parkeringsgruppa. Attåt dette har fleire saker vore handsama ved epost- og telefonkontakt. Bygdautvalet har arrangert eitt bygdamøte i meldingsåret, og vore medarrangør på bygdamøte om parkering.

Bygdautvalet har arbeidd med mellom anna desse sakene:

Toalettsaka

Me har no fått ein fast avtale på at Sogndal kommune står for vask og teknisk drift av toaletta både på sørvisbygget i Mundal og ved Supphellebreen. Det lettar arbeidet for neste bygdautval.

Parkering

Bygdautvalet arbeidde med å få trafikktejing i Mundal før sumarsesongen 2025. Dette lukkast delvis og bør takast oppatt neste sesong. Sogndal kommune sette ned ei parkeringsnemnd der bygdautvalet har vore representerte, saman med mange grunneigarar og næringsdrivande. Det har òg vore bygdamøte om saka. Både nemnda og bygdamøtet ynskjer at me skil meir mellom korttids- og langtidsparkering. Det er ikkje teke noko avgjerd i kommunen om saka.

Skule- og valkrinsane

Fjærland er lagt ned som eigen valkrins trass aktivt arbeid frå bygdautvalet. Dette er feil avgjerd.

Det same gjeld vedtaket om at Fjærland ikkje lenger er eigen skulekrins. Kommunestyrevedtaket om dette heng ikkje saman med saksutgreiinga som var bakgrunn for vedtaket. Komande bygdautval bør arbeida saman med politikarane for å omgjera vedtaket.

Mundal sentrum

Bygdautvalet har laga betre betalingsløysingar for turistar på torget i Mundal, ved ny pengeboks og Paypal-betaling. Bygdautvalet har sett opp eit Wifi-gjestenett for betalande båtgjester, men det kan bli litt trøbbel med tilgangen for neste sesong. Med hjelp frå fleire er det òg reingjort og pynta i torgområdet, og blomekassane har kome opp. Litt praktisk arbeid i tillegg.

Me har fått stadfesta at kommunen rår over grunnen som kaifronten ligg på, og dermed kan me endeleg få utbetra kaiskjørtet. Flinke snikkarar i Fjærland er spurde om å ta oppdraget til våren.

Heimeside

Bygdautvalet har laga heimesida bygdalaget.fjerland.no og bygdautvalet.fjerland.no, det er hipp som happ kven av dei du bruker. Her har me lagt ut referat frå alle møte i bygdautvalet, og litt nytt og aktuelt.

Hotel Mundal

Bygdautvalet har hatt kontakt med eigaren av Hotel Mundal om framdrift. Me har òg spurt om rydding rundt hotellet. Svaret er at arbeidet går vidare etter kapasitet. Eigaren har ytra at han er open for å selja hotellet.

Arnold-stiftinga

Eiga sak.

Liv og lyst

Undergruppa for liv og lyst har sett i gang kontorfellesskap for Fjærland . I tillegg har Else vore skikkeleg flink å søkja stønad, og Liv og lyst-prosjektet har fått tildelt 300.000 frå fylket for vidare arbeid dei neste åra!

Fjordviten

Bygdautvalet har arrangert eit informasjons- og debattmøte om Fjordviten, der tre representantar for styret møtte. Møtelyden var positive til arbeidet med å få til heilårsarbeidsplassar i Fjærland, og kritiske til utforminga av bygget, prosessen med involvering av fjærlendingar, og trafikk- og parkeringsproblematikk.

Meldingsblad

Bygdautvalet utarbeidde eit meldingsblad som vart delt ut i desember 2025, til ovende fagning.

Eivind Ødegård,

24.2.26